## Høgre pluss Arbeiderpartiet er sant!

17.09.2011

**Klokka 14 i ettermiddag vart det sendt ut ei pressemelding om samarbeid mellom Høgre og Arbeidarpartiet i Kvinnherad slik at Høgre får ordføraren og Arbeidarpartiet varaordføraren i heile perioden..**
**Dei 2 partia var i forhandlingsmøte frå klokka 11.**

Det heiter i meldinga at det i dag er inngått avtale om å forhandla for å utarbeida ei politisk plattform og valteknisk avtale for dei neste 4 åra. Avtalen skal godkjennast av dei styrande organ i kvart parti og drøftingane held fram måndag.

Forhandlingane har vore inne på å gj Solbakken ein meir  sentral rolle enn tidlegare varaordførarar. Intensjonen til begge parti er å styrka den politiske stillinga.og få gjennomført mest mogeleg av programma til begge parti.

Arve Opsanger bekreftar at dei ikkje kom vidare med grupperinga der KrF var med.

Av Kristian Hus og Ola Matti Mathisen